

Kvifor samane har sin eigen nasjonaldag

Samane vart ikkje godt behandla av dei som hadde makta i Noreg.

Den samiske kvinna Elsa Laula Renberg tok initiativ til at samane skulle samlast.

Det første landsmøtet for samar vart halde 6. februar 1917. Møtet fann stad i Trondheim. Dette var første gong samane samla seg for å snakke om rettane sine.



Foto av Elsa Laula Renberg.

Møtet skulle få stor tyding for det samiske folket. Difor vart det bestemt at 6. februar skulle vere samenes nasjonaldag.

Samenes nasjonaldag er felles for alle samar i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

Spørsmål til teksten:

1. Kva var namnet på kvinna som fekk alle samane til å samlast?

2. Kvifor tok ho initiativ til landsmøtet?

3. Kor og når vart landsmøtet halde?

4. Kven er samenes nasjonaldag for?
